

Møt ein meteorolog

– Eg var veldig glad i å spele fotball då eg var yngre. Så det var eigentleg fotballproff eg ville bli, avslører Anders Doksester Sivle. Anders vart ikkje fotballproff. Han vart meteorolog og forskar no på været ved Meterologisk institutt.

AV TRINE-LISE GJESDAL | PUBLISERT 19 MAI 2025

Anders Sivle med sydvest på hodet smiler mot kamera mens han holder en åpnet paraply.

Meteorolog og forskar Anders Sivle ville jobbe med noko som opptok fleire enn berre han sjølv. Så kvifor ikkje været, med mykje spennande matematikk og fysikk? Foto: Forskingsdagane.

Det er Anders glad for i dag. Han har alltid synst at matematikk og naturfag var morosamt. Meteorologi handlar heldigvis om begge delar.

Nyttig matematikk

Anders hadde lyst til å jobbe med noko som fleire enn han sjølv syntest var spennande og viktig. "Alle er jo opptekne av været, så kvifor ikkje lære meg å varsle været?", tenkte han. Det er nemleg mykje spennande fysikk og matematikk i lufta.

– Det vi oppfattar som vær, skjer i luftlaget næraast jorda – anten det er skyer eller vind, regn eller snø. I dette luftlaget finst det mange ulike gassar og partiklar som vi meteorologane lærer oss å forstå. Slik kan vi varsle været til folk. Og ved hjelp av matematikk kan vi til og med fortelje folk korleis været vil bli i framtida.

Lagar værsymbol

Meteorologane bruker ulike symbol (teikningar) når dei varsler været på tv eller på nettet. Eitt symbol kan vere ei stor sol, som betyr sol og skyfritt. Eller det kan vere ei grå sky med eit par blå strekar under, som betyr litt regn. Det er viktig at vi forstår desse symbola, slik at vi er førebudde på dårleg vær.

Anders har leidd [Forskingeskampanjen om skyer](#). Her har skuleelevar teke bilete av skyer og gitt dei værsymbol som dei har oppfatta som rette for dei ulike skytypane.

MILJØ OG KLIMA KLODEN VÅR

Meldinger ved utskriftstidspunkt 23 mai 2025, 08:55 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.